

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Oppland,

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Etne

Emne: Högtidsmat ved familiefester Bygdelag:

Heile bygdi.

Oppskr. av: Lærar Martin Lundstein Gard:

(adresse): Bruflat

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. i samråd med
husmor Gunhild Lundstein, Bruflat. 68 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det har vore skikk og bruk so lenge attende ein kjenner til, at slekt-og grannekonur kom til barselkona med mat.

2 Dei kom stundom åleine og stundom i fylgje med andre.

3 Me har ikkje höyrt at dei samrådde seg om kva kvar skulle ha med.

4 Dei gjekk når det hövde for seg. Nokon regel om når vitjingi kunne ta til, var det ikkje.

5 Dei skulle gå berre ei gong.

6 I gamal tid var det altid rjomegraut, stundom med litt smækaker eller klining til. No er det somme som har graut, og somme ei pen prydleg kake. eller blomster.

7 Sjå spørsm. 5

8 Her vart grauten mest altid sendt i grautespann. Mest på kvar gard hadde og har dei slike spann, fint rosemalede eller vent utskorne. Til kaker, klining og annan slik mat vart mest nytta sendingskorg, som det enno finst mange av.

9 Alle sendingar vart kalla barselmat. Navnet sengemat er ukjendt her.

10 Det var kona sjölsom gjekk, men ei voksen dotter kunne også gå, dersom det ikkje hövde for kona.

II Dei syntes ikkje det vat usömeleg at mannen fulde, tvert imot. Han fulde ofte med nest, dersom vegen var litt lang.

I2

Sendingsfolka skulle altid ha traktemang,kaffe og biteti, men om dei hadde lang veg,større bevertning,som middag og/eller kveldsmat. Det var ingen forskjel på trakteringi om den nyfödde var gut eller jente.

I3

Her hadde dei ingen navn på denne trakteringi.

I4

"Konemåltid"etter at kona var komen opp att,er ukjendt.

I5

Dei gjekk nok helst berre til gifte mødre ja,Det hende nok at nærskyldne gikk til ugifte likevel.

I6

Ein kan rekne at det er 40-50 år sidan dei tok til å sende kake, bitetimat eller blomster istadenfor graut.

I7-I8

Gavor til den nyfödde er ukjent her.

I9- 20Dåpsgjestebø er det altid no,stort eller lite,og det blir kalla barsel.Til pålag ved hundraårsskiftet, var det vanleg med litt traktemang ved kyrkja,men no blir slike lag halde i heimen.

~~XXXXXXXXXXXXXX~~ 21

Der var ingen visse matrettar,men alle gjestane har pres-sanger med,ein liten höveleg ting.Mange gjer n opengar i stadenfor annan gäve.

22-23

Det har aldri vore nokon regel om kor mykje kvar skulle gjeva,og er det ikkje no heller.

B Födselsdag

24

I eldre tider,fram til pålag 1890 höyrde me aldri om födselslag,men spør etter no.

25

Det er berre ved runde tal det er stor tilstelning,ved andre äremålsdagar er der berre mindre eller ingen stäk.

26

Somme held bedarlag,men det mest vanlege no er at dei som vil,kjem ubedne.

Både bedne og ubedne kjem altid med gavor.

II

Trakteringa ved eit åremålslag kan vera av ymse slags.

Det mest vanlege er kaffe og mange slags biteti, når ein kjem, og seinare sjokolade eller te og smørebröd. so no, før var nok sterkare saker mykje i bruk.

C. Konfirmasjon

30-31

För omkring är 1900 höyrde ein her aldri tale om konfirmasjonslag, men från den tid har dei vorte meir og meir i bruk.

32

Som vanleg er det slektinge grannarne läraren og dei som var fadrar til konfirmanten, som blir bedne, Ja, presten og, dersom det er i nærleiken av der han bur.

33-34

Gjestene sender ikkje sendingar, men alle har med gävor, somme ein höveleg ting, andre pengar. Andre enn dei som er i gjestebodet, gjer ikkje gävor.

35

Me kjenner ikkje til at det korkje har vore eller er i bruk visse rettar ved konfirmasjonsfestar.

D. Bryllup.

36-37

Det er fortalt at det här vore trulovingslag helst på större gardar, festaröl, som dei kalla det, i gamal tid, men i siste mansalder veit me ikkje av slikt her.

38

I storbryllupi gamal tid var dei tilbords minst fifre gonger. Me kjenner ikkje til om ðer skulle vera faste rettar dei ymse dagane. Men ein rett, rjomegraut, var altid med fyrste og tildels andre dagen og.

39

Dei gamle kan fortelja om svære sendingar av kjöt, flesk og smör, som dei har höyrt om från gamal tid. Kvar sende so mykje dei sjölv vilde.

40

Somme brukte å pynte smöret, men ikkje alle. Det bruktest ikkje her at bedamannen samla inn noko, när han gjekk å ba. Det som vart sendt vart her kalla berre "sending", og ofte gjekk tjenestjenta og ei dotter med den kvelden för.

4

Dei mätte dä ha traktemang.Den hadde ikkje noko serskildt navn her,og "heimatsending" er ukjent her.

47

Bryllup varer her no berre ein dag.Det siste storbrylluppet her var på Lunde i 1874,dä Erik Lunde og Anne Breien gifta seg.Det vara i 8 dagar.Frä kring 1880åriog til no har det gätt jamt nedover med dei store bryll pslagi.

48-50

Det er mykje vanleg no å halda bryllup på hotel eller å reise til byen.Bryllupsgävor brukast like fult.

51

Det er berre på 25 og 50 årsdagen for bryllupet dei festar her ..

E. Gravöl

52
När ër var gravöl,gjekk ein bedarmann rundt til slekt og vener.handhelste på alle i huset,og ba d dei koma.

53

På ein större gard vara gravölet som oftast to dagar, hjä smäkärsfolk berre ein.tre matmål var det vanlege.

54-56

Dei åt altid ved langbord.Me kjenner ikkje til mat,som ikkje mätte nyttast,og matmäli hadde berre vanlege navn.

57

Det er ikkje ofte at gravöl har vore halde utanfor heimen ,men det har hent at skulehuset har vore nyttta.

58 -60

Sending vart sendt dagen för,eller gjestene hadde den med.Nokon pynt på sendingsmaten,kjenner me ikkje til og dei som kom med sendinga,vart altid traktera.

61

Det har ingen forskjel vore her på trakteringi om den avlidne var gift eller ugift.

62

Som med brylluper har det frä 1880 åra og utover vorte smätt om senn färre storlag ogso ved likferder.

63

Det har för vore vanleg med alkoholbruk i gravölslag, Drammar til maten,og som oftast toddy om kvelden.

64

Olbrygg og sendingar har nok vore lenger i bruk ved

8385

III

~~ved~~ likferder enn ved andre samkomor.

65

No brukar somme frukostlag fyreåt, og so reiser kvar til seg etter gravleggjungi. Eller det er frammøte ved kyrkja og etterpå middag i heimen, og tilslut enten desertbord eller kaffe og kaker. Dersom det er desertbord, er det som vanleg kaffe tidligare på kvelden.

66

Det nyttast ikkje mykje alkohol ved likferder no, som vanleg berre øl til maten, og somme vil endå til ha berre alkoholfritt øl på bordet.

67

Dei har meir og meir teke til å ha begravelsesmiddagen på eit hotel eller pensjonat.

68- 69

Avertering om dödsfall og trykte inbjodingar til gravöl kan det vel vera 60 år sidan tok til med her.

F. Nye festar.

70

Har aldri hørt tale om serskild mat til 17de mai.

71

Morsdagen bl ir ganske álment högtida no. Skikken kan vel no vera pålag 10 år gammal.

Farsdagen tek og somme til med no ~~dei 3-4 rike åri~~

73-74

Det skal helst være en kake til desse dagane, enten sjølv laga eller tinga hjå bakaren. Det er vel helst avisorne, som passa på å minne folk om desse dagane.

75

Som ovafor sakt, er det bladi som kjem med dikt og andre påminningar om desse dagane.